**KOMMISJONSVEDTAK** **2008/EØS/27/04**

**av 8. oktober 2004**

**om endring av vedtak 2004/233/EF med omsyn til lista over laboratorium som er godkjende for å kontrollere verknaden av rabiesvaksinasjon av visse kjøtetande husdyr(*)**

*[meldt under nummeret K(2004) 3686]*

(2004/693/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsvedtak 2000/258/EF av 20. mars 2000 om utpeking av et særskilt institutt som skal utarbeide de kriterier som er nødvendige for å standardisere serologiske prøver for kontroll av rabiesvaksiners virkning([1]), særleg artikkel 3, og

ut frå desse synsmåtane:

1) Ved vedtak 2000/258/EF vart laboratoriet til Agence française de sécurité sanitaire des aliments de Nancy (AFSSA-laboratoriet i Nancy), Frankrike, peikt ut til å vere ansvarleg for å fastsetje dei kriteria som er naudsynte for standardisering av serologiske prøver med sikte på å kontrollere verknaden av rabiesvaksinar. I det nemnde vedtaket er det òg fastsett at AFSSA-laboratoriet i Nancy skal sende over til Kommisjonen lista over dei fellesskapslaboratoria som skal godkjennast til å utføre desse serologiske prøvene. Følgjeleg nyttar AFSSA-laboratoriet i Nancy dei dugleiksprøvingane som er fastlagde for å vurdere kva laboratorium som kan godkjennast for utføring av dei serologiske prøvene.

2) Ved kommisjonsvedtak 2004/233/EF av 4. mars 2004 om godkjenning av laboratorium som skal kontrollere verknaden av rabiesvaksinasjon av visse kjøtetande husdyr([2]) vart det fastsett ei liste over godkjende laboratorium i medlemsstatane på grunnlag av resultata av dei dugleiksprøvene som AFSSA-laboratoriet i Nancy har sendt over.

3) Tre laboratorium, høvesvis i Nederland, Polen og Portugal, er vortne godkjende av AFSSA-laboratoriet i Nancy i samsvar med vedtak 2000/258/EF.

4) Difor bør desse tre laboratoria førast opp i den lista over godkjende laboratorium i medlemsstatane som er fastsett i vedlegget til vedtak 2004/233/EF.

5) På oppmoding frå Tyskland bør det dessutan gjerast visse endringar i adressene til to tyske laboratorium.

6) Etter oppmoding frå Slovenia bør namnet på diagnoselaboratoriet i denne medlemsstaten endrast.

7) Vedtak 2004/233/EF bør difor endrast.

8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 315 av 14.10.2004, s. 47, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 91/2005 av 8. juli 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 60 av 24.11.2005, s. 2.

([1]) TEF L 79 av 30.3.2000, s. 40. Vedtaket endra ved kommisjonsvedtak 2003/60/EF (TEF L 23 av 28.1.2003, s. 30).

([2]) TEU L 71 av 10.3.2004, s. 30. Vedtaket endra ved vedtak 2004/448/EF (TEU L 155 av 30.4.2004, s. 84, retta i TEU L 193 av 1.6.2004, s. 64).

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Vedlegg I til vedtak 2004/233/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til dette vedtaket.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 8. oktober 2004.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

*VEDLEGG I*

*«VEDLEGG I*

**NAMN PÅ LABORATORIUM**

(AT) AUSTERRIKE

Österreichische Agentur für Gesundheit und Ernährungssicherheit GmbH
Veterinärmedizinische Untersuchungen Mödling
Robert-Koch-Gasse 17
A-2340 Mödling

(BE) BELGIA

Institut Pasteur de Bruxelles
642, rue Engeland
B-1180 Bruxelles

(DE) TYSKLAND

1. Institut für Virologie, Fachbereich Veterinärmedizin
   Justus-Liebig-Universität Gießen
   Frankfurter Straße 107
   D-35392 Gießen
2. Eurovir Hygiene-Institut
   Im Biotechnologiepark
   D-14943 Luckenwalde
3. Bayrisches Landesamt für Gesundheit und Lebensmittelsicherheit
   Dienststelle Oberschleißheim
   Veterinärstraße 2
   D-85764 Oberschleißheim
4. Landesamt für Verbraucherschutz Sachsen-Anhalt
   Fachbereich 4
   Veterinäruntersuchungen und -epidemiologie
   Haferbreiter Weg 132-135
   D-39576 Stendal
5. Staatliches Veterinäruntersuchungsamt
   Zur Taubeneiche 10-12
   D-59821 Arnsberg
6. Institut für epidemiologische Diagnostik
   Friedrich-Loeffler-Institut
   Bundesforschungsinstitut für Tiergesundheit
   Standort Wusterhausen
   Seestraße 155
   D-16868 Wusterhausen
7. Landesuntersuchungsanstalt für das Gesundheits- und Veterinärwesen Sachsen
   Zschopauer Straße 186
   D-09126 Chemnitz

(DK) DANMARK

Danish Institute for Food and Veterinary Research
Lindholm
DK-4771 Kalvehave

(EL) HELLAS

Centre of Athens Veterinary Institutions Virus Department
25, Neapoleos Str
GR-153 10 Ag. Paraskevi, Athens

(ES) SPANIA

Laboratorio Central de Veterinaria de Santa Fe
Camino del Jau s/n
E-18320 Santa Fe (Granada)

(FI) FINLAND

National Veterinary and Food Research Institute
PL 45
FIN-00581 Helsinki

(FR) FRANKRIKE

1. AFSSA Nancy
   Domaine de Pixérécourt
   B.P. 9
   F-54220 Malzeville

2. Laboratoire vétérinaire départemental de la Haute-Garonne
   78, rue Boudou
   F-31140 Launaguet

3. Laboratoire départemental de la Sarthe
   128, rue de Beaugé
   F-72018 Le Mans Cedex 2

4. Laboratoire départemental d'analyses du Pas-de-Calais
   Parc des Bonnettes
   2, rue du Genévrier
   F-62022 Arras Cedex

(IT) ITALIA

1. Istituto Zooprofilattico Sperimentale delle Venezie
   Via Romea 14/A
   I-35020 Legnaro (PD)

2. Istituto Zooprofilattico Sperimentale dell'Abruzzo e del Molise
   Via Campio Boario
   I-64100 Teramo

3. Istituto Zooprofilattico Sperimentale del Lazio e della Toscana
   Via Appia Nuova 1411
   I-00178 Roma Capannelle

(NL) NEDERLAND

Central Institute for Animal Disease Control (CIDC) Lelystad
P.O. Box 2004
8203 AA Lelystad
Nederland

(PL) POLEN

National Veterinary Research Institute
Al. Partyzantow 57
24-100 Pulawy
Poland

(PT) PORTUGAL

Laboratório Nacional de Investigação Veterinária (LNIV)
Estrada de Benfica Nº 701
P-1500 Lisboa

(SE) SVERIGE

National Veterinary Institute
(Department of Virology)
S-751 89 Uppsala

(SI) SLOVENIA

National Veterinary Institute
Gerbiceva 60
1000 Ljubljana
Slovenia

(SK) SLOVAKIA

State Veterinary Institute
Pod drahami 918
960 86 Zvolen
Slovakia

(UK) DET SAMEINTE KONGERIKET

1. Veterinary Laboratories Agency
   Virology Department
   Woodham Lane,
   New Haw
   Addlestone
   Surrey KT15 3NB
   United Kingdom

2. Biobest
   Pentlands Science Park
   Bush Loan
   Penicuik
   Midlothian
   EH26 0PZ
   United Kingdom

*Merknad*: Jamleg ajourførde opplysningar om kontaktpersonar, telefaks- og telefonnummer og e-postadresser til dei laboratoria som er nemnde ovanfor, kan finnast på Internett-adressa

http://europa.eu.int/comm/food/animal/liveanimals/pets/approval_en.htm.»